

Halling- ljom



Fagblad for Hallinglaget - i Oslo -

- N.R. 2/21

INNHOLD

Innhaldsliste	side	3
Fyriord	side	4
Fyrste springarøvinga i haust ...	side	6
Jørn Hilme stemnet i 2021	side	8
Historisk bilde	side	9
Hallingbu, Spikjikjøtturen i år	side	10
Kåseri om trekkspelet	side	11
Minikurs for folket	side	12
Program for hausten	side	13
Minnekonsert Jens A. Myro	side	14
Pipereparasjon på Hallingbu	side	16
Infoside om Hallinglaget	side	20
Folkedanskveldar	side	21
Styret i Hallinglaget	side	22

Fyriord

Etter eit særskrevjande år starta me opp att danseøvingane denne hausten 8. september!

Fyrste øvinga lover godt! Hallinglaget er så heldige å ha ein særskod spelemann og den beste instruktør som finnes i hallingspringar. Så om laget ikkje blir råka av smitte ser me positivt på hausten. Når Ulf-Arne er i storform er det moro å være med og lett å lære dansen. Det var heile 10 par og 8 heilt nye på fyrste øvinga denne hausten. Då me også antok at mange ville sette pris på ein gjennomgang av hallingspringaren, så passa det heilt perfekt. Me kopla nye og røynde dansarar og etter tre kvarter dansa folk heilt greitt etter gnistrande spel av vår eigen gode spelemann Åsmund Fauske Jøtun. Det var særskod god stemning i pauza der me kosa oss med ei god eplekake som Else Mohn hadde baka. Totalt var heile 22 personar innom denne kvelden, og det lover godt for øvingane framover. Mange av dei som normalt kjem kom ikkje – antakeleg fordi det var særskod høge smittetal i Oslo og landet i starten av september – typisk 500 smitta i Oslo og 1500 i heile landet, men det er mest ungdom som ikkje er vaksinert. Då dei fleste i Hallinglaget er fullvaksinerte burde det gå bra! Me satsar på det! Else sa det til meg: «sjå te å bli litt meir positiv då!» - nyttig å få eit spark bak av og til! «Gudd så godt det var å kome i gang med dansen att! Du som eg har sakna det!»

I september var det ei grense på 30 personar som kunne danse saman, den bør aukast snart, for neste gong er me nok tett oppunder det talet. Godt me har leigd Halli (115 m²) denne hausten 😊 I Halli er det også ein viss mogelegheit å halde einmetersregelen og salen er nyoppussa og har eitt av byens beste dansegolv.



Når desse to karane er på plass er det artig på øvingane! Åsmund til venstre og Ulf-Arne. Hallinglaget set stor pris på å ha slike miljøskaperar med i laget. Fotograf: Terje Grangård.

Ja! - no kan me endeleg samlast og danse saman att! Ungdomen har skjønt det, på andre øvinga var me heile 26 personar til stades og over 15 personar under 30 år! Gamle BLS-folk kika overraskande inn i Halli og skjønte ikkje at det var mogeleg! Takk til alle våre hjelpare, spelemann og instruktør – hallingspringaren er populær så no må me få med nye dansarar. Som eg skreiv i ein e-port: no er ein ny generasjon hallingspringardansarar på gang – takk til dei. Me vil difor skipa til eit supert Minikurs denne hausten, der alle som vil kan få friska opp att hallingspringaren. Hugs at dans er sosialt og er super trim. Les meir om øvingane og Minikurset i dette bladet.

Elles trenge Hallinglaget folk til å halde Hallingbu, hytta vår i Lillomarka i stand. Denne våren fekk me ein sjokkbeskjed: *pipa er knekt på hemsen!* Les om korleis Hallinglaget klarte å fikse det seinare i bladet, så merk dykk at Hallinglaget treng alle slags folk i styre og stell. Ved sida av kunstnarar av alle slag så treng med slitarar som vil arrangere øvingskveldar og ta i eit tak på Hallingbu. Merk dykk ar dugnad er moro også – og vollen framover Hallingbu er perfekt for grilling og gode samtaler. Kjenner du nokon som er interessert i hallingkultur så få dei med på ei øving ... berre dei gode kakene som me har på øvingane er verdt inngangspengane. Ein stor takk til kakebakarane. Me som er med og dansar i laget opplever mange gode stunder som varmar kropp og sjel.



Andre øvinga 22. september: mykje bra folk fant vegen til Halli i Nordahl Bruns gate 22. Heile 26 personar totalt og over 15 under 30 år! Fotograf: Terje Grangård.

Leve Hallinglaget!

Terje Grangård,
Leiar i Hallinglaget

Fyrste springarøvinga denne hausten

Endeleg kom me i gang att med dansen som me er så glad i. Onsdag 8. september vil eg hugse ei stund, for det kom mange dansegladde slik at me var heile 22 personar med spelemann og instruktør! Det kom mange heilt nye, omlag 8 personar og fordelinga mellom menn og kvinner var perfekt. Og for ei øving - instruktør Ulf-Arne Johannessen var i storform - han instruerte så bra springar i dei fyrste 45 minutta - slik at alle var i gang! Så spelte han på einpikkar i 10 min før og etter pauza! Elles spelte Åsmund kjempebra som vanleg på hardingfela si. Våre stjerner øvde også til den store konserten på Ål i helga, minnekonserten til Jens A. Myro, som det er skrivi litt om her i bladet og som var ei stor oppleving og til glede for underteikna



Her er Ulf-Arne i gang med instruksjonen. Biletet er sakså frå Facebook sida vår som ein finn ved å søke på «Hallinglaget i Oslo» -> Om ein liker sida så får ein automatisk alle oppdateringar! Fotograf: Åsmund Fauske Jøtun.

Instruksjonen gjorde godt for alle som kom, for det var så lenge sidan me hadde dansa! Etter kort tid så dansa alle rundt heilt greitt, klare til å lære meir. Hallinglaget takker alle som kom og spelemannen vår Åsmund og instruktør Ulf-Arne (meisterdansar frå Ål i Hallingdal).

Denne hausten har Hallinglaget reservert Halli slik at me har god plass! Denne salen er over 10 x 10 meter, dvs. er over 110 m² og har eit søkkande fint dansegolv og er lys og fin. Eg trur at me vil like uss i denne nypussa salen framover. Så no håper Hallinglaget på godt frammøte (>= 25 deltagarar) slik at me kan fortsetja med denne salen, sjølv om Tangoen fortviler – dei er fortrengt til Blåsalen dei onsdagane som me øver. Så om me hamner på 15-20 deltagarar som me har hatt dei siste åra, så går me vel over til Blåsalen att! Det er ein triveleg sal og ein tett dansering på eit heitt dansegolv er

det som har halde liv i oss i over 120 år! Då det enno er eindel smitte i Oslo, så er me alle glade for at me har det luftig og fint rundt oss. Info. til alle: sprit henda dykkar når det kjem, før pauza og sjekk at de alle er registrert med telefonnummer på deltakarlista! Dette er eit krav frå Oslo Kommune: alle deltakarar skal registrerast med namn og telefonnummer – i tilfelle smittesporing! Eg håper inderleg at me slepp det, så alle må halde seg heime om dei ikkje føler seg bra ...



Her er bilete av ei lita kvil i fyrste springarøvinga i haust! Fotograf: Terje Grangård

*Leve dansen, leve hallingspringaren. Møt opp og set fart på Hallinglaget.
Terje*



*Vår sære gode spelemann
Åsmund Fauske Jotun
som spelar så alle må danse!
Åsmund er også nestleiar i laget og
verver ungdomar til å kome å danse!*

Fotograf: Terje Grangård.

So vart det Jørn Hilme i år mæ i 2021...

Eg Googla Jørn Hilme tidleg på sommaren og apa tre hakk då eg såg det eg trudde eg ikkje skulle sjå midt i pandemien, med mange utan stikk, inklusive meg sjølv. Jau då, her blir det Jørn Hilme med konsertar og dansing. Kan det vere feiltrykk? Eg sjekka årstalet, jau, 2021, nei no bær det aldeles or med desse Valdresingane, ko teinkje dei på?

Og du kan tru det vart dans og spel denne helgji i juni. Etter snart 1,5 år med danseturke, og mange tærige valdresjentu som gjedne vilde blia snuudd på, så hivo me uss rundt i ville kast på dansegølvet.

Koronaen vart fort gløymt. Men, dansefoten var ikkje slik som eg trudde han skulle vera- han burde vore. Særleg etter rundsnuen kjendes det ut som eg framleis snurra rundt sjølv om eg hadde stana for lengje sea. Ja, ja, me må berre kome i gang att med dansinga etter koronaen, så vil nok ting stelle se te att ettekort, tenkte eg.

I ettertid har eg undra meg over den modige Valdresen, som verkeleg kunne vere så hjartug og gjennomføre Jørn Hilimestemnet sopass normalt midt i pandemien med mange uvaksinerte. Det kjendest mest som at koronaen, viruset og pandemi var ikkje eksisterande på dansegølvet i Fagernes denne kvelden. Befriande og godt å kjenne på at me snart skal leve eit fritt liv att utan pandemi.



Sko me våge uss utpå dansegølvet midt i Pandemien? Terje og Olav Arne må ta seg ein svall, før dei la seg rive med i dansen på Jørn Hilme stemnet 2021.

Bra Valdres, du set fela og springaren so høgt at sjølv ein pandemi MÅ VIKE, i alle fall til ein viss grad og for denne kvelden. Her syns eg **Vadresen er eiskrele modig**. Noko å teinkje på for ein stakkars Halling som mig i brokji berre han/ho/hen høyrer ordet korona. Nei Hallingar, her ha me noko å lære av naboen vår i aust. Me æra rett og slett alt for skvettne og glad i peing. Reis til Valdres og bli vis!

No stunde me alle mot at pandemien snart æ over. Ukru førgår ikkje so lett, san Andres, naboen min om det som ikkje var så bra. Me får håpe at han tok feil..

Olav Arne Løstegaard

Historisk info. ved Olav Sataslåtten i «Hallingminne»:

Ålingar ved Festspela i Bergen juni 1953. På biletet ser vi torpingen Kåre Rotneim i eit flott hallingkast. Liv Breie held staven med hatten. Sevat Sataøen spelar og Sissel Kirkedelen står og fylgjer interessert med.

Olav har donert det fargelagde bildet til Ål bygdearkiv. Bestill bildet for 150,- via e-post: arkivet@aalbygdearkiv.no



Kåre Rotneim (1924 – 1953) var både idrettsmann og ein særskilt god dansar. Han var godt likt men vart dverre ikkje gammal. Kåre gjekk bort i ei motorsykkelyukke berre 29 år gammal!

Hallingbu, ved *Else Mohn – hyttesjef.*

Alltid er det fine turar te Hallingbu, så også dette halve året.

Den årlege Spikjikjøtturen vart satt te den 9. juni og me vart 8 stykkjer som hadde ein fin ettermiddag og kveld saman i skogen og på hytta; Terje, Heidi, Svein, Hilde, Jette, Trond, Michel og eg. Dei sprekaste, Trond og Hilde sykla te Snippen og så gjekk me i lag oppover te Hallingbu. Det var godt å kunne sjå kvarandre etter det som for dei fleste var lang tid, så det vart mykje prat, og au plukking av skogens fine blomar te matbordet.

Sjølv med Koronahensyn vart det eit staseleg måltid ein Spikjikjøttur verdig. Me hadde godt vær slik at me kunne sitte ute og nyte mykje herleg spikjimat. Da sola forsvann trakk me inn for kaffien, og der drog Michel heilt uventa opp ei kake av ermet og annonsera sin eigen 50 års-dag! Så fekk med feire ein kjernekak, og alle reiste seg og stemde i gebursdagssong på både norsk og fransk. Michel blei over på Hallingbu og var ikkje snauare enn at han plassera det som var att av kaka på akebrettet og symde over Ormtjern te Gisela med ho, nettopp ein kjernekak!

Ein som ikkje ligg på latsida er leiar Terje. Han har stått for dei fleste dugnadane denne sumaren og hausten, og nå er pipa der ho skal vera etter ein god sjau der 6 stykkjer bidrog det me kunne, og med eit smell var pipa på plass att!

Etterpå har Terje vore på hytta fleire gonger og gjort ferdig finarbeidet med pipa, på taket og på hemsen, og malt peisen og murene i midtrommet. Takk Terje!

Me håpar alltid at så mange som mogleg, og ønskeleg au nye fjes, vil ta turen te Hallingbu, for ein dag eller for fleire. Vit at der er ein alltid varmt velkommen.



Gjengen på veg ned att etter spikjikjøtturen. Fotograf: Terje.

Frå venstre: Else, Jette, Trond, Hilde, Svein og Heidi. Michel låg over på Hallingbu.

Søndag 10. oktober 2021, kl. 17.00:

Nordahl Bruns gate 22, Oslo: «Halli»
(før mini-kurset i hallingspringar)

Temaforedrag – før søndagsdansen: **Trekkspill! ‘Hva lagar låten ...?’** Om trekkspill og spillemenn i en brytningstid –



Foto: fotografen_samestad

Bjørn Aasheim leser dikt og forteller, bl.a. om:

- Hva er et trekkspill – og ‘hva lagar låten’?
- ‘Rør æiller verket ...’ – hva slags ‘verk’?
- Hvem oppfant trekkspillet?
- Hva er en spillemann?
- Spillemannsrollen i endring på tiden da trekkspillet ble oppfunnet.

Bjørn Aasheim er medlem i Hallinglaget og har studert durspel på Rauland i to år i vaksen alder. Det var også Bjørn som fekk til den minneverdige dansen på dansarsteinen i Ekebergåsen, der me kosa uss og skapte liv og røre, god PR for Hallinglaget. (I mai 2019).

Arrangør: Bygdelagssamskipnaden, Folkedansnemda

**MINIKURS
i
HALLINGSPRINGAR**

**Sundag 10. oktober kl. 18.00
Stad: Halli, Nordahl Bruns gt 22.**



Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved

- **Ulf-Arne Johannessen** frå Ål.
A-klassedansar i springar og laus ...

Gnistrande dansespel ved

- **Åsmund Fauske Jøtun** frå Gol.

Mange frå Hallinglaget kjem! Kom og dans du også, det blir moro!

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje ...

Inngangspengar: 150 kr. (80 kr. for studentar) som gjeld for heile Folkedanskvelden!

Det serveres gratis kaffi/tè og vaffel til dei frammøtte. Frå kl. 20:45. Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate 22!

Ta med danseskoa og kom og dans!

Arrangør: Hallinglaget i Oslo

Hallinglaget i Oslo – Hausten 2021

Program i Halli, Nordahl Bruns gt. 22.

Me har søkt om HALLI desse onsdagane, så det blir stor aktivitet!

Interesserte må melde seg på e-postlista til Hallinglaget, til grangard@online.no eller melde seg på Facebook-gruppa «Hallinglaget i Oslo» så får dei vite detaljer. Nokre av onsdagane vil ha ei lausøving frå 18.30-19.00 ved Ulf-Arne Johannessen ... Pris kun kr. 50,- for medlemar og studentar, kr. 80,- for andre ...

- 8. sep.** Kl. 19.00 Instruksjon av hallingspringaren frå start ved Ulf-Arne!
Åsmund Fauske Jøtun spelar + Ulf-Arne Johannessen på einpikkar!
- 22. sep.** Lausøving i Halli kl. 18.30 – Ulf-Arne instruerer-
Springarøving i Halli kl. 19.00 – Åsmund og Ulf-Arne spelar.
- 6. okt.** Lausøving i Halli kl. 18.30 – Ulf-Arne instruerer-
Springarøving i Halli kl. 19.00. – Kjetil Myhren spelar.
- 20. okt.** Springarøving i Halli kl. 19.00. – detaljar kjem!
- 3. nov.** Springarøving i Halli kl. 19.00. - detaljar kjem!
- 17. nov.** Springarøving i Halli kl. 19.00. - detaljar kjem!
- 1. des.** Juleavslutning m/program og mat kl. 19.00 – 22.00. Mykje kan skje!
Utdeling av diplom til ihuga dansarar.

Andre viktige hendingar dette halvåret:

Sundag 10. oktober: FOLKEDANSKVELD med Hallinglaget

Kl. 18:00:- *Minikurs i hallingspringar!*

Instruksjon ved: Ulf-Arne Johannessen frå Ål.

Dansespel ved: Åsmund Fauske Jøtun frå Gol.

Dette blir det STORE kurset i haust! - Mange kjem!

Her vil ein få ein storarta gjennomgang av hallingspringaren

Kl. 19.30: Folkedanskveld, Hallinglaget er tilskipar! Meld deg på
som medhjelpar så me får til ein trivleg kveld. Vaffelsteiking!

Elise Tegnér med vener spelar (topp utdanna folk frå Musikkhøgskola).

VELKOMNE SKAL DE VERA!

Meir info. på www.hallinglaget.net

KONTAKTPERSONAR:

Terje Grangård (48 20 46 52), (grangard@online.no)

Åsmund Fauske Jøtun (938 33 229), (asmundjotun@gmail.com)

Else Mohn: (95 87 92 70), (helsemor@hotmail.com) - Hyttesjef

Gro Sissel Taraldrud: (48 03 49 43), (gst@cultura.no)

Minnekonsert for Jens A. Myro

- halde på Kulturhus laurdag 11. september 2021 kl. 19.30

Eg takkar Folkemusikkveka, Ål Spel- og Dansarlag, Hallingdal Låtelag og Hallingdølen for tekst, bilete og ikkje minst at denne gilde konserten var realisert på slutten av ei veldig trasig coronatid, mest utan konsertar av noko slag.



Utsnitt av bilde av Jens A. Myro med hardingsfela!

Fotograf: Sigmund Krøvel-Velle, mangeårig journalist i Hallingdølen.

Bakgrunnsinformasjon:

I 2021 er det hundre år sidan spelemannen Jens A. Myro (1921-2002) frå Ål vart fødd. Gjennom fleire tiår siste halvdel av 1900-tallet spelte han ein svært viktig rolle, både som solo- og dansespelemann, viktig tradisjonsberar og ikkje minst miljøskapar hadde han på alle vis ein stor del av æra for ein periode med god rekruttering, både av spelemenn og dansarar. Ein av de yngre utøvarane sa det slik: «Jens er goffa for oss alle i Hallingdal»

Som dansespelemann var Jens makalaus, som påliteleg fråhaldsmann stilte han trufast opp til dansespel både seint og tidleg det vere seg for kappdans, framsyning eller fest og moro. Det seiast at ingen har spela for så mange dansepar på kappleik som han!

På kvelden laurdag 11. september i Ål kulturhus vil folkemusikkmiljøet i Hallingdal heidre minnet til denne kjernekaren av ein spelemann som betydde så mykje for så mange.

Fleire av dei yngre spelemennene som lærde av Jens er invitert og det vil også bli innslag med kveding, durspel og dans.

Arrangør: Folkemusikkveka

Eigne minne:

Eg opplevde Jens først på 80-talet! - då Hallinglaget skulle sørge for bygdedans i Halli under ein Folkedanskveld som laget var med og arrangerte. Eg var ukjent med folkemusikk og dans på den tida (eg var hyttesjef for Hallingbu) og eg må si eg fekk ei sjeldan oppleveling då Jens klauv opp på scena i Halli og fylte heile rommet med heftig dansespel! Og så mange som kom og dansa (det var før eg dansa!, men annonsa i Aftenposten drog!) – eg antar at det var omlag 30-dansepar i aksjon den kvelden. Etter at eg begynte å reise på Folkemusikkveka på Ål (dei siste 30 åra) var det jo først Jens ein møtte som dansespelemann på minikurs og dans. Eg skjønte med ein gong kor god og viktig han var for miljøet. Og eg sa ofte at «eg får halde på og danse så lenge Jens spelar!» Vel, eg har

fortsett etter det, folkedans og Hallinglaget har blitt ein livsstil. Eg var tidleg ute før konserten 11. september og møtte det særskilt gode danseparet Nils-Ove Gjeldokk og Sigrun Bæra Svenkerud. Dei burde ha vore med og dansa på konserten, men syntest dei var for «gamle» - diverre. Dei sa at Jens hadde spelt for dei over 100 gonger på kappleik og aldri svikta, og då Nils-Ove var 50 år hadde han fått eit fotoalbum med bilete gjennom eit heilt danseliv frå inn- og utland! Slå den, Jens var også ein meisterfotograf som fora folk med bilete han hadde tatt – imponerande! – for dette var lenge før biletene var over alt ... på mobilane ...

Imponerande å tenke på at ingen spelemann har spelt for fleire dansepar på kappleik, Ål var ei stormakt i dans i førre hundreår – og det spiser framleis i miljøet rundt Hugnadheim på Torpo.

Minnekonserten for Jens A. Myro der «alle» var med:

Hallgrim Berg (programleiar)

Frank Syversrud (hardingfele), Øyvind Brabant (hardingfele), Arne Anderdal (hardingfele), Hilde Kirkebøen (hardingfele), Thea Tunås Bratteng (hardingfele), Ingebjør Sørboen Torsgard (hardingfele), Åsmund Fauske Jøtun (hardingfele), Helga Myhr (hardingfele), Thorleif Stave (durspel), Gunnlaug Lien Myhr (kveding og springar), Geir Helge Espeset (springar), Sissel Rudningen (springar), Knut Skrindo (springar), Ulf-Arne Johannessen (springar og laus), Silje Risdal Liahagen (springar) og Hallingdal låtelag (lagspel).

Gode overraskinger: Arne Moslåtten spelte fløyte slik berre han kan! Og han hadde med seg den gamle fela (frå 1800-talet) til Myreguten (Ole Jensen Myro 1817-1901), ein særskilt sentral spelemann i Hallingdal som odla Hallingspelet. Vår kjære spelvinne Hilde Kirkebøen i over 15 år, fekk god låt i den gamle fela og spelte ein springar på den. Jens A. Myros minnepris vart delt for 2 år (ingen pris i fjor pga. coronaen ...) til to flotte ungdomar som bærer hallingkulturen vidare: Andrea Søgnen på langeleik og dans og Henrik Opheim Berg som dansar (laus og springar) og danseinstruktør. Kjem desse ungdomane til Oslo må me få dei med i Hallinglaget. Største overraskingen var vel at Jens også hadde spelt for mange dansarar frå Valdres! Så Øyvind Brabant drog i veg ein drivande valdresspringar som vart dansa av Erik Onstad og Anne Kjellfrid Nøbbelen. Eit artig innslag for alle danseglade ...

Under dansen når hallingane dansa hallingspringar, prøvde er å sjå på alle tre para samstundes, men det gjekk jo ikkje – det var så mange artige variasjonar som eg nok aldri kjem til å lære! Det slår meg kor utruleg variert og rik hallingspringaren er. Den er moro på så mange måtar. Ein stor takk til dansepara Ulf-Arne og Silje, Geir Helge og Gunnlaug, Knut og Sissel. Heldigvis er jo halvparten av desse med i Hallinglaget i Oslo – så der kan ein lære mykje om dans. Også den fine lausøkta må nemnast, tre generasjonar lausdanserar dansa så bra som berre dei beste frå Ål kan: Ulf-Arne, Erik Fuglesteg Luksengard og Henrik Opheim Berg.

For ein flott og variert konsert! Det var utdeling av blomster til dei to søskena og dei to barna til Jens som var på konserten. Og det kom også fram at musikken går i arv, der sjølvaste Myreguten var oldefar til Jens og tippoldefar til Arne Moslåtten. Så Jens var onkelen til Arne altså.

Etter konserten var det eit triveleg lag på Thon hotell Hallingdal for dei som kunne. Noko er sikkert: Ålingane får det til når dei vil ...

Til info. så vart Ål «Årets kulturkommune i Norge» i år (2021)! Vel fortent!

Terje Grangård

Pipereparasjon på Hallingbu 2021

Det skjer alltid noko når ein eig noko! Hallingbu er ikkje noko unntak, der den ligg 420 moh. i Nittedal, det er på høgde med Ål og området er eit skikkeleg snøhol. Det er faktisk veldig snøsikkert i området og det egner seg godt til skiturar til langt utpå våren. Så slik kan ein bli lurt: det er knapt snø i hovudstaden, men det laver ned med snø i marka. Difor må me alltid ha i minne denne setninga: «*ein eller fleire må sjekke om ein må måke taket på Hallingbu !»*

Så i vinter skjedde det att! Pipa på Hallingbu fekk seg ein knekk! (for 3. gong i nyare tid), for om lag 30 år sida var også pipa knekt på hemsen og vart reparert og for om lag 8 år sidan knakk pipa over bølgjeblikket og forskyvde seg litt, slik at pipa over taket måtte rivast og murast opp på ny! Sjølve rivinga av pipa kravde alt av underteikna, sjølve dugnaden med å bære inn materialane gjekk greitt og muringa av ny pipe fekk me ein profesjonell murar til å gjere. Så sjølve pipa var i god stand! → korleis skulle me få fiksa pipa denne gongen ?



Eit sjokkarta syn på hemsen i Hallingbu-> ein sprekk på 3 tommar og pipa så skeiv som 10 grader! – nesten som det skeive tårn i Pisa ... Fotograf: Terje Grangård

Det var Michel Gascoin som oppdaga dette då han var på hyttetur med dotter si tidleg i mai. Godt gjort av mangeårig medlem i Hyttestyret. Det er veldig viktig at alle som er på hytta tar ein sjekk om at alt er i orden. Etter turen tikka det inn ei melding frå Michel til «Styre og stell» i Hallinglaget: «*I helgen var jeg på overnattingstur på Hallingbu. Alt var tilsynelatende i orden (med unntak av hauger med muselort – museår i år). Dette inntil jeg gikk på hemsen. Her fikk jeg konstatert at pipa hadde sprukket (se bilder). Sett fra utsiden er det påfallende at årets snøsmelting har påført mye trykk på pipa utvendig. Pipa heller nå i*

stor grad. Derimot ser det foreløpig ikke ut som at det er lekkasje innvendig. Vi var i gang med å fyre og det kom ikke røyk på hemsen.»

Dette var ein sjokkrapport om noko som ikkje skulle kunne skje! – men ingen hadde måka snø denne vinteren og det var katastrofalt for den nye pipa! Underteikna måtte roe folket og sa at dette hadde skjedd før (men mindre sprekk då) og då hadde laget klart å reparere pipa sjølve ... Det vart kjøpt inn supert flislim på Megaflis og nødvendig utstyr vart bært opp til hytta, deriblant eit langt solid reip. Og heldigvis, i ei slik krisetid møtte folk opp for å gjera ein innsats for hytta. Dugnaden var bestemt til helga 19. og 20. juni.



Ein pust i bakken på veg opp til hytta 19. juni. Frå venstre Svein Aasen, Trond Roseth, Åsmund Fauske Jøtun, Johnny Lund og Else Mohn. Fotograf: Terje Grangård

Arbeidet bestod i å få i masse primer i sprekken i pipa før eit jamt lag med flislim vart blanda og fylt inn i sprekken etter beste evne av Terje. Så vart det solide reipet plassert rundt pipa slik at nokre sterke karer kunne dra pipa på plass! Gjett om Terje formante alle om ikkje å dra før han fekk limet/mörtelen på plass i sprekken og fekk fingrane og sparkelen ut att!

Så var det klart for å dra! Terje hadde gleda av å sitte på hemsen og sjå om pipa rikka seg! Og så drog dei, det knaka litt i pipa og takkonstruksjonen – og så – eit herlegt syn: pipa glei fint på plass og overflødig flislim vart pressa ut på dei tre synlege sidene av pipa! Perfekt! Gleda og lettelsen var så stor etter dette, at mange **takk** ble sendt oppover og utover i skogen
...



Fotograf: Åsmund Fauske Jøtun

Som ekstra sikkerheit hadde me på eit bord langsetter pipa så den skulle få til eit jamt press så ikkje pipa vart skada av reipet!

Her er Johnny Lund i stegan og «prosjektleiar» Terje Grangård passer på at reipet fester seg der det bør være.

Som ein ser er pipa skyhøg! (over 180 cm høg i bakkant !) Svakheita er at pipa er bygd mot yttervegg og ikkje midt på mønet! Dvs. at all snøtyngda vil presse mot pipa – og hundrevis av kilo i vekevis vil gå galt til slutt ! Pipa er heller ikkje armert, noko som også burde være gjort!

Løysning:

MÅKE TAKET KVAR VINTER!



Karane som drog: Johnny, Svein, Trond og Åsmund som tok bildet!



Endeleg ei god matpause på vollen framom Hallingbu. Når været er fint så er dette ein sær fin plass å være. Frå venstre: Åsmund, Svein, Trond, Else og Johnny. Fotograf: Terje

Snipp snapp så var det verste gjort! – sjølv om veldig mange oppgåver stod att ... Terje låg over til dagen etter, og rigga då ned reipet som stod i spenn over natta. Ingenting rørte seg då tauet vart tatt ned. Pipa vart også pussa slik at pipa vart glatt og fin på hemsen. Etter dette var det berre å vente nokre dagar/veker til alt var herda. Etter det har pipa på hemsen blitt malt med murmåling to gonger. Og når ein først var i gang med murmålinga så måla Terje peisen i stugua og pipa og branmmuren i midtrommet, to strøk med den same gode murmålinga: Jotun Drytech med farge eggehvit. Berre dette vart to dagar aleine med dugnader ...

Då Terje først var i gang tok han fleire turar. Han måla også «brystkledning» på hemsen lys og fin to strøk, samt det mørke føle golvet på hemsen med alle målarflekkene frå tidelegare tider. Han brukte måling som han hadde att etter den store oppussinga av leilegheita hans før pandemien. Fargene var tidløs og skumring, lyse fine farger som lyser opp i den mørke bua. Til hjelp hadde han med ei god led-lykt som han kan anbefale, kjøpt på Biltema for 100 kr. + batteri. Den lyser like godt enda. Så etter to nye dugnadsdagar i fred og ro er male-sesongen over for dette året. Trist at ikkje fleire møtte opp for no må underteikna oppatt te hytta vår for å bære beisen ned att (beisen liker ikkje frost!).

Hyttestyret og underteikna håper at det blir mange dugnader til neste år også.

Terje Grangård

Medlemspengar i Hallinglaget for år 2021

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 380,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 250,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna lag i BLS: **kr 200,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg ofte ved fyrste sendinga etter nyttår, elles er det berre å betale til kontonummeret nedanfor. **Hugs namn på innbetalingskortet!** Betal gjerne, for laget treng medlemer for å klare seg! Hallinglagets konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

Hallinglaget har Vipps til denne konto, med **Vipps** kode: **48034943**

Medlemskap i Hallinglaget gjer deg desse fordelane:

- Reduksjon i pris på samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar, øvingskveldar og kurs i hallingspringar.
 - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
 - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
 - Reduksjon i pris på Det norske Teateret mot å syne medlemskort.
 - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns GT. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
 - Redusert pris på Kaffistova, Hotell Bondeheimen og Heimen Husflid.
 - Informasjon om andre folkemusikktakar i hovudstaden (post/meldingsliste).
-

Hallinglaget har fått eige organisasjonsnummer.

Hallinglaget har fått organisasjonsnummer: **982 732 840**, og er nå registrert både i Enhetsregisteret og Frivillighetregisteret i Brønnøysundregistrene.

Merk dykk at om ein veljar Hallinglaget som grasrotmottakar, får laget få 5 % av det beløp folk tipper for. Dette gjelder for alle spill Norsk tipping har, bortsett frå Flax og Ekstra. Om du spelar i Norsk tipping er det fint om du også støttar Hallinglaget!

Hallinglaget i Oslo

Webside: www.hallinglaget.net

Facebook: Hallinglaget i Oslo

Instagram: Hallinglaget i Oslo

TEKNISK ARRANGØR, DANSEMUSIKK OG MINIKURS PÅ FOLKEDANSKVELDAR – 2. HALVÅR 2021

Dato	Teknisk arrangør / Gruppe/spelemannslag	Minikurs
<u>September '21</u>		
05.	Numedalslaget / Steinsgårdskroken	Rørspols
12.	Symra / Eiker spelemannslag	Tovdalsspringar
19.	Hordaringen / Østerdølene	Rørspols
26.	SF-ringen / Golaget	Bingsjøpolska
<u>Oktober '21</u>		
03.	Valdreslaget / De Frilynde	Springleik
10.	Hallinglaget / Elise med venner	Hallingspringar
17.	Symra / Dølalæte	Stildans
24.	Hordaringen / Fanteladdene	Finnkogspols
31.	SF-ringen / Farande fant	Bodapolska
<u>November '21</u>		
07.	Folkedansnemnda / Bærum spelemannslag	Nordlandspols
14.	BUL / Samdanslaget	Songdans
21.	Symra / Symradern og Att og fram	Stildans
28.	SF-ringen / Østerdølene	Bingsjøpolska
<u>Desember '21</u>		
05.	Hordaringen / Bærum spelemannslag	Springleik
12.	Folkedansnemnda / Farande Fant	Juleavslutning

Velkommen til Folkedanskveld i Nordahl Bruns gt. 22 i Oslo.

Inngang Folkedanskveld: Medlemmer kr 120,- / ikkje-medl. kr 150,- / Studentar kr 60,-

Inngang Minikurs: Medlemmer og ikkje-medlemmer berre kr. 150,- som inkluderer påfølgjande Folkedanskveld! Berre kr. 80,- for studentar

*Det serveres gratis kaffe og vaffel til de fremmøtte.
Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!*

Meir info.: sjå [www.bl.no](http://www.bls.no)

Styret i Hallinglaget 2020–2022 !

Leiar:	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 482 04 652 – mobil E-post: grangard@online.no
Nestleiar:	Åsmund Fauske Jøtun Steintrøa 31, 3550 Gol	Tlf: 938 33 229-mobil E-post: asmundjotun@gmail.com
Kasserar:	Gro Sissel Taraldrud Myrlia 51, 1453 Bjørnemyr	Tlf: 480 34 943 – mobil E-post: gst@cultura.no
Skrivar:	Heidi Wie Dyringveien 67, 1385 Asker	Tlf: 975 23 734 – mobil E-post: heidi.wie@asker.kommune.no
Medlemer:	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 480 40 062 – mobil E-post: beritsatelier@hotmail.com
	Else Mohn Resjhjemvegen 247, 3677 Notodden	Tlf: 958 79 270 – mobil E-post: helsemor@hotmail.com

Bladstyre for Hallingljom:

Leiar: Terje Grangård Tlf: 482 04 652
Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo E-post: grangard@online.no

Medlemer: Else Mohn og Olav Arne Løstegaard.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Terje Grangård eller til ein i Styret.

Hyttestyre for Hallingbu:

Leiar: Else Mohn Tlf: 958 79 270
Reshjemveien 247, 3677 Notodden E-post: helsemor@hotmail.com

Medlemer: Michel Gascoin og Trond Roseth.

Danseleiar: Knut Skrindo Tlf.: 413 12 790

Revisor: Alix Cordray Tlf.: 917 66 051

Valnemnd: Svein Aasen, Hilde Hjetland og Olav Arne Løstegaard.

Hallinglaget på nettet:

Nettadressa er:www.hallinglaget.net Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård
Sjå også: www.bls.no, www.folkedans.com og www.folkemusikkscena.no.

Hallingbu



{P}{B}

32%